



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Mads Martinussen

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/528 - 16/4434

Saksbehandlar:  
Kristine Skaiaa Born  
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:  
31.03.2016

## Søknad om Skadefelling/jakt av gås på Toska.

Delegasjonssak nr.: 067/2016

### Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 31.03.2016 og telefonsamtale same dag.

Det er søkt om å ta ut 35 gås på Toska, 20 stk kanadagås og 15 stk grågås. Toska huser et av Radøys største melkebruk og det drives og noe med sau/geit. Skadene er hovudsakleg på slåttemarka.

Det har i dei seinare åra vorte eit aukande problem med beiteskader av gås i Hordaland. Jakttid for gås er 10.aug – 23. des. Sidan grågåsa startar trekket sitt før ein får tatt ut nok fugl, klarar ein difor ikkje å regulere bestanden med ordinær jakt. Kanadagås er meir stabil, men flytter frå vinter til sommerbeite. Denne arten er og ein uønska art i Norge.

Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begense skade på avling, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er eit kjent problem med gås i heile Nordhordland, og sidan gåsa startar beite på slåttemarka så tidleg, risikrar ein større skade på enga. Det vil, i tillegg til redusert avling, vere eit større problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gjess har på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta skal det vera eit vesentleg økonomisk tap før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er sauedrift på eigedomane, og tap av avling vil absolutt kunne gje eit vesentleg økonomisk tap i forhold til drifta.

Det er krav om at det skal vere brukt andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det fungerar, gåsa forsvinn

ein kort periode men kjem attende. Skadefelling er ikkje ei god løysing på det aukande problemet med gås i regionen, og Felles Landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy i samarbeid med Landbruksfagråda og viltorgana i kommunene utarbeider nå ein forvaltningsplan for gjess. I samband med dette arbeidet skal det telles gjess på Toska og Floene 2 april og 16 april det nedlegges difor jakt- og skremme forbod desse datoene.

## Vedtak

Landbrukskontoret gjev Mads Martinussen løyve til å ta ut totalt 15 stk kanadagås og 5 stk grågås på innmarka på Toska. Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet.

Det skal takast ut ungfuglar eller ikkjehekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst. Løyvet gjeld fram til **10.april 2016** og det skal IKKJE jaktes 2/4.

Det kan kun jaktes på eigedomar kor det er gitt samtykke frå grunneigar.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 20. april 2016.

## Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnleggjast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Kristine Skaiaa Born  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**  
Mads Martinussen